

Basaren – ein hovudpillar for skulemusikken



To dokker er mellom gevinstante som no er stilt ut i banken og her er den eine. (Foto:Ola Matti Mathisen)

Den tradisjonsrike basaren har vore ein økonomisk hovudpillar for skulemusikken i Uskedalen så lenge den har eksistert og det er sidan 1969. Sondag ettermiddag er det klart for 2008-basaren og den blir naturleg nok avvikla i Helgheim.

Berre unntaksvís har den vore ein annan stad, i den gamle gymnastikksalen på skulen og Aktivitetshuset. - I fjor var inntekta frå basaren over 30.000, men for nokre år sidan passerte vi 40.000. Dette er den dominerande inntektskjelda vår ved sida av bingoen, seier Thor Inge Døssland. Kor stor prosent av utgiftene som blir dekt av basar og bingo er det ikkje så lett å gje noko klart svar på fordi utgiftene varierar sterkt i takt med instrumentkjøpa.

Med omsyn til gevinstante kan Gro Hjelmeland også i år fortelja om stor generøsitet.

– Alle som vi spør er positive, seier ho og viser til utstillinga i banken. Mellom anna kan ein der beundra to dokker og mykje fint handarbeid. I tillegg kjem mellom anna gåvekort, Dønhaug-bilettar, puter og fruktkorg. Basaren er allereie innleia og har fått ein god start – på SPAR. Der har det tildels vore kø framfor loddseljaren.

Basaren er ei triveleg samkome som stort sett følgjer det same ritualet kvart år. Musikantane viser kva dei kan før basaren går sin gang og det er sjølv sagt også servering. Eit spesielt høgdepunkt er utdelinga av medaljar til dei som har vore tre, fem og sju år i korpset og dette året er det så mange som sju medaljørar, får uskedalen.no opplyst.

Det er ikkje så mange basarar lenger rundt på landsbygda som det var tidlegare, men i Uskedalen held i det minste helselagsbasaren, bedehusbasarane og skulemusikkbasaren stand.

Det er all grunn til å gje dei eit langt liv, for dei betyr mykje for gode føremål i lokalsamfunnet vårt. Dessutan er dei viktige sosiale høgdepunkt i bygda..

Av Ola Matti Mathisen



Thor Inge Døssland leiar utdelinga av medaljar under basaren i Helgheim i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)